



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

**Handlingsplan
mot framande planteartar i Møre og Romsdal
2018**



Bildet på framsida viser rynkerose på Sunndalsøra (foto: Fylkesmannen)

Innhald

Kvifor handlingsplan mot framande planteartar?.....	4
Nasjonale føringar	4
Forskrift om framande organismar	4
Kva er ein framand art/organisme?	5
Fremmedartslista	5
Kva for verknad har framande artar på naturen i Møre og Romsdal?	5
Framande planteartar som utgjer ein stor trugsel i Møre og Romsdal.....	6
Mål for handlingsplanen	7
Arbeid med framande planteartar i Møre og Romsdal.....	11
Status.....	11
Informasjon	11
Kartlegging.....	11
Behandling.....	14
Vegen vidare.....	16
Tilskott til lokale tiltak	16
Mål for infomarsjonsarbeid.....	16
Mål for samordning.....	16
Mål for kartlegging 2018	16
Mål for behandling 2018	16
Kjelder:	20
Vedlegg.....	21

Kvifor handlingsplan mot framande planteartar?

Naturen i Møre og Romsdal, som alle andre stader i verda, har ein verdi: Den har ein nytteverdi ved at vi kan hauste og utnytte naturressursar som tømmer, drikkevatn, fisk og vilt. Naturen leverer også økosystemtenester som til dømes reinsing av jord og vatn, og bier og andre insekt driv pollinering av nyttevekster. Vidare blir det heile tida forska på mulegheiter for å utvinne stoff frå til dømes planter, sopp og lav som kan brukast i medisinar.

Naturen er óg viktig for oss som ei kjelde til gode opplevingar, læring og kjensle av å høyre til. Sist men ikkje minst har naturen sin eigenverdi.

Naturen er under press, også i Møre og Romsdal. Det blir mindre urørt natur, fleire og fleire naturtypar står i fare for å forsvinne og mange artar blir utryddingstruga. Årsakene til dette er samansett. Klimaendringar, overhausting og forureining er nokre av dei. Arealendringar som nedbygging og oppdeling av dyr og planter sine leveområde er den faktoren som påverkar flest artar negativt. I tillegg til alt dette kjem trugselen frå framande organismar som kan fortrenge artar ved mellom anna konkurranse om næring eller levestad. Nokre framande artar, som til dømes hagelupin, vil endre nitrogeninnhaldet i jorda slik at lokale artar ikkje lenger er like konkurransedyktige.

Framande planteartar har altså negativ påverknad på biologisk mangfald og er ein medverkande faktor til at lokale artar blir utryddingstruga. Når den stadeigne floraen forsvinn, forsvinn også livsgrunnlaget for mange dyr og insekt. Vidare blir stadig fleire framande artar innførte på grunn av aukande internasjonal handel og reiseverksemd. Når framande organismar har etablert seg i vår natur, er det særst vanskeleg og kostbart å utrydde dei. I mange høve vil det vere mest realistisk å hindre vidare spreiding snarare enn å fjerne allereie etablerte plantar.

Nasjonale føringar

Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter (T-1460 / 2007)

Nasjonalt resultatmål:

«Menneskeskapt spredning av organismer som ikke hører naturlig hjemme i økosystemene skal ikke skade eller begrense økosystemenes funksjon.»

Felles arbeidsmål:

«Forebygge utilsiktede introduksjoner av fremmede arter og negative effekter av tilsiktede introduksjoner gjennom mer dekkende regelverk, tiltak, informasjon og sektorsamarbeid.»

Forskrift om framande organismar

Forskrift om framande organismar tok til å gjelde frå 1.januar 2016. Formålet med forskrifta er å hindre innføring, utsetting og spreiding av framande organismar som medfører, eller kan medføre, uheldige følger for naturmangfaldet.

Dei viktigaste verkemidla i forskrifta er forbod mot innføring, omsetning og utsetting av enkelte listeførte framande artar, eit generelt krav om løyve ved innføring og utsetting av ei rekke artar og artsgrupper samt føresegnar som stiller krav til aktsemd og krav til tiltak knytt til verksemdar som kan medføre spreiding av framande organismar.

Kva er ein framand art/organisme?

I Naturmangfaldloven og Forskrift om framande organismar er ein framand organisme *ein organisme som ikkje høyrer til nokon art eller bestand som førekjem naturleg på staden*. Dette inneber at også norske planteartar kan vere definert som framand ein annan stad i landet enn der den veks naturleg.

Fremmedartslista

Artsdatabanken er en nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald. Dei er ansvarleg for å gjennomføre vurderingar av kva for økologisk risiko framande artar utgjer i norsk natur. Dei vurderte artane blir kategorisert:

- Artar med **svært høg risiko** har en sterk negativ effekt på norsk natur
- Artar med **høg risiko** har stor spreining med en viss økologisk effekt, eller stor økologisk effekt med en avgrensa spreining
- Artar med **potensielt høg risiko** har svært avgrensa spreiningsevne, men stor økologisk effekt – eller omvendt
- Artar med **låg risiko** har låg eller moderat spreining og middels til svake økologiske effektar
- Artar med **ingen kjent risiko** har ingen kjent spreining og ingen kjente økologiske effektar



Ny liste over framande artar med risikovurdering vart lansert i juni 2018. 1473 artar er risikovurderte for Fastlands-Noreg med havområda. 127 (9 %) artar er vurdert til å ha *svært høg risiko* og 106 (7 %) er vurdert til *høg risiko*.

Kva for verknad har framande artar på naturen i Møre og Romsdal?

Det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging av framande artar i Noreg, og heller ikkje i Møre og Romsdal. Vi manglar difor kunnskap om kor vi har førekomstar av framande artar i fylket, kor stort omfang og kva for artar.

I alle bestillingar av konsekvensanalysar og kartlegging av naturtypar og naturmangfald bør det leggest inn som eit krav i bestillinga at framande artar også skal registrerast og eventuelle funn skal leggest inn i Artskart.

Sjølv om vi ikkje kjenner heilt eksakt omfanget av framande planteartar i fylket vårt, har vi likevel mykje generell kunnskap om kva for effekt framande artar har på naturen. Artar som blir introduserte i vår natur har ofte gode levevilkår og konkurrerer betre enn våre stadeigne artar, som kan bli utkonkurrert, oppetne eller smitta med sjukdom. Våre stadeigne artar er tilpassa den norske

naturen gjennom hundrevis, og gjerne tusenvis av år. Denne tilpassinga skjer sakte, og artane har på denne måten mogelegheit til å tilpasse seg små, gradvise endringar i naturen. Når framande arter blir introdusert skjer det raskt, og naturen og dei stadeigne artane rekk ikkje å tilpasse seg dei nye artane. Våre artar kan då forsvinne frå staden, og naturen kan bli dramatisk endra på få år. Det er derfor viktig å sette i gang tiltak for å hindre spreiring av framande artar og å sette i gong tiltak for å fjerne der vi har mogelegheit til det.

Framande planteartar som utgjer ein stor trugsel i Møre og Romsdal

Rynkerose
Kjempespringfrø
Tromsøpalme / kjempebjørnekjeks

Parkslirekne, hybridlirekne, kjempeslirekne
Japanpestrot / legepestrot
Klasespirea
Hagelupin, jærlupin, sandlupin
Spansk kjærvel

Dei tre første artane er høgast prioritert fordi det framleis er mogeleg å gjere fornuftige tiltak mot dei innanfor rammene våre. Dei fem neste artane er artar vi må vere ekstra merksame på og gjere det vi kan for å ikkje spreie dei vidare. Også andre artar utgjer ein stor trugsel mot naturmangfaldet i fylket, og i utvalde område vil det vere aktuelt å bekjempe andre artar enn dei som er lista opp her. *Forskrift om fremmede organismer* gjeld uavhengig av denne lista.

Mål for handlingsplanen

Hovudmålet er å hindre spreiring av framande, skadelege planteartar som fører til eller kan føre til uheldige følger før naturmangfaldet i fylket.

Delmål:

- A. Auke kunnskapen om artane som utgjer det største trugsmålet i vårt fylke
- B. Kartlegge førekomstar og utbreiing
- C. Bekjempe/kontrollere førekomstar av artar

Delmål A: Auke kunnskapen om artane som utgjer det største trugsmålet i vårt fylke

For å forebygge spreiring av framande, skadelege planteartar må offentlege og private verksemder og publikum gjerast bevisste på problemet.

Informasjon og opplæring av allmenta om kva for risiko framande artar kan medføre, er viktig for å forebygge risiko og for å skape forståing og aksept for gjennomføring av tiltak for å avgrense spreiring av framande artar.

Alle sektorar har her eit spesielt ansvar for aktivitetar innanfor eigen sektor.

Tiltak:

- Uttale i plansaksbehandling på eit tidleg stadium
- Informasjon/opplæring til kommunar – både administrativt personell og uteseksjonar
- Bruke media til informasjon - gjerne i samband med bekjempingstiltak
- Stille krav til avfallshandtering og komposteringsanlegg
- Samarbeide med avfallsbransjen om informasjon, samt tiltak på mottaka
- Uttale i samband med etablering av deponi for reine massar
- Rutiner for flytting av massar
- Informasjon til entreprenørar
- Ha dialog med Statens vegvesen – utbyggingssaker, drift, vedlikehald, kartlegging

Delmål B: Kartlegge førekomstar og utbreiing

Mykje arbeid blir gjort ute i felt kor det er viktig å ha kjennskap til eventuelle framande, skadelege planteartar på staden. I samband med til dømes masseforflytting, kantslått og grøfterensk er det nødvendig å vite om arbeidet utgjer ein fare for spreiring av slike artar. Sjølv om kartlegging er godt i gang, står det att mykje, og det vil vere nødvendig å kartlegge for desse artane i forkant av tiltak. Vidare er det nødvendig å ha kjennskap til førekomstar av skadelege, framande planteartar for å planlegge uttak.

Alle observasjonar skal leggest inn i Artsobservasjonar.

Tiltak:

- Ferievikarar kartlegg i felt
- Uttale i plansaksbehandling på eit tidleg stadium (kartlegging før igangsetting)
- Utvikle og lansere «Framandarts-app»¹
- Oppfordre publikum til å registrere i «Framandarts-appen». Observasjonane blir overført til Artsobservasjonane.
- Stimulere kommunane til å kartlegge
- Årleg evaluering av den gjennomførte kartlegginga

Prioriterte geografiske satsingsområde for kartlegging

- Utvalde naturtypar
- Andre viktige naturtypar
- Langsetter elver og bekker med spesielt fokus på område tilgjengelege frå veg
- I byane og tettstadene
- Verneområda
- Langsmed europa-,riks- og fylkesvegane (Statens vegvesen kartlegg)

Web-app for registrering av observasjonar i felt

Vi vil oppmode alle til å bidra til å auke kunnskapen om framande artar ved å registrere framande artar med Framandarts-appen. Registreringane som blir lagt inn her blir overført til Artsdatabanken si nettside Artsobservasjonane. Kommunar og publikum kan registrere førekomsten på kart og legge ved eit bilde av den. På denne måten kan vi få betre oversikt over utbreiinga til dei ulike artane og blir betre i stand til å hindre vidare spreiding.

Delmål C: Bekjempe

Framande skadelege karplantar er eit nasjonalt problem. For å fjerne eller avgrense spreinga av desse artane er kunnskap om kva for tiltak som er effektive avgjerande. Miljødirektoratet har fått utarbeidd ein rapport som samanfattar bekjempings- og spreingshindrande tiltak for 19 planteslekter. Innan alle desse slektene er det artar som utgjer ein trussel mot stadeige biologisk mangfald. Innhenting av erfaring er gjort via intervju med organisasjonar som har erfaring med bekjemping av framande skadelege artar.

For dei ulike slektene som er omtala i rapporten er det tilrådd metodar for bekjemping. Metodar som er vurdert er varmvassbehandling, oppgraving, luking og kjemisk behandling. For å halde førekomst under kontroll og hindre vidare spreiding kan beite og slått vere gode tiltak.

Det følgjer av Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) § 3 (substitusjonsplikten), at *Virksomhet som bruker produkt med innhold av kjemisk stoff som kan medføre virkning som nevnt i § 1 skal vurdere om det finnes alternativ som medfører mindre risiko for slik virkning. Virksomheten skal i så fall velge dette alternativet, hvis det kan skje uten urimelig kostnad eller ulempe.* Formålet er å forebygge at produkter medfører miljøforstyrrelse, bl.a. i form av forstyrrelse av økosystemer, forurensning, avfall, støy og lignende.

For vindelslirekneslekta, som t.d. parkslirekne høyrer til, er det i rapporten konkludert med at mekanisk bekjemping kan vere aktuelt i små bestand, men at bruk av plantevernmiddel sannsynlegvis er nødvendig for effektiv bekjemping. Bruk av varmvassbehandling har effekt, men er

¹ Appen vil bli tilgjengeleg i løpet av sommaren 2018

tid- og energikrevjande og må det gjentakast over fleire sesongar. Omfattande oppgraving, der det er mogleg, er det tiltaket som har hatt best effekt.

I høve der det er praktisk gjennomførbart, vil bekjemping med utrydding som mål ofte vere eit hensiktsmessig tiltak. Dei beste moglegheitene for å utrydde ein framand skadeleg art er i eit tidleg stadium av etablering, medan førekomstane enno er små og avgrensa. Derfor er det eit mål å oppdage eventuelle nye framande artar i naturen så tidleg som mogleg og å kunne handle raskt. Dersom utrydding ikkje er hensiktsmessig eller mogleg, bør det settast i verk tiltak for å avgrense spreiring og eventuelle skadeverknader. Førekomstane må så overvakast for å vurdere effektiviteten av tiltaka.

Bruk av plantevernmidler blir gjort i samsvar med Forskrift om plantevernmidler.

Før det kan takast ut førekomstar på privat eigedom må grunneigar få moglegheit til å uttale seg, og eventuelt motsette seg tiltaket. Fylkesmannen kan fjerne skadelege framande planteartar på privat grunn, jf. Naturmangfaldlova § 21.

Det er viktig at det blir eit lokalt engasjement rundt problematikken, og det er derfor ønskeleg at kommunane bidreg aktivt i arbeidet. Likeins er det ønskeleg at lokale lag og foreningar engasjerer seg. Fokus på temaet og kunnskap om skadeverknadene vil bidra til meir bevisst haldning til farane ved spreiring av framande skadelege planteartar.

I arbeidet med bekjemping er det viktig at Fylkesmannen bidreg til utvikling av mest mogleg miljøvenlege og effektive bekjempingsmetodar mot framande artar. Der det går an skal ein i størst mogleg grad nytte mekaniske metodar. Bruk av varmt vatn eller damp kan vere aktuelt i nokre førekomstar.

I mange høve kan det vere best at plantemateriale blir liggande att på staden. I dei høva kor plantematerialet må fjernast og leverast til avfallsmottak, er det viktig at mottaka er klare for å ta i mot og har kjennskap til dei ulike artane og korleis dei skal behandlast på mottaket.

Tiltak:

- Rammeavtale med entreprenørar som bekjempar på oppdrag frå Fylkesmannen
- Stimulere kommunane til å bekjempe mellom anna ved at dei kan søkje om midlar
- Oppfordre publikum til å bekjempe lokalt
- Sette i gong/leie lokale dugnadsgjengar
- Årleg evaluering av den gjennomførte bekjempinga

Prioriterte område

1. Område med viktige naturverdiar
2. Isolerte førekomstar (øy-førekomstar) der det er mogleg å fjerne arten heilt
3. Område der det er mogleg å kontrollere vidare spreiging



Parkslirekne ved naust i Rauma kommune.

Foto: Fylkesmannen

Arbeid med framande planteartar i Møre og Romsdal

Status

Tidlegare år har fleire kommunar fått tildelt skjønnsmidlar til arbeid mot framande planteartar. Rynkerose har vore høgt prioritert.

Informasjon

FM har delteke på fleire møter/kurs i kommunar.

Avfallsbedriftene i fylket sender våren 2018 ut brosjyre til alle husstandar med informasjon. FM bidreg fagleg og økonomisk.

Nokre saker i media

Kartlegging

Tidlegare har fleire aktørar kartlagt framande artar og lagt observasjonane inn i Artsobservasjoner. Statens vegvesen har kartlagt langsetter mange vegstrekningar. Fleire kommunar har god oversikt over førekomstane av framande artar. Ikkje alt er lagt inn i Artsobservasjoner.

Fylkesmannen si kartlegging 2017

Prioriterte artar for kartlegging 2017 var rynkerose, kjempespringfrø og kjempebjørnekjeks/tromsøpalme. Andre artar på staden vart registrerte samtidig. Områder for kartlegging vart vald ut i frå innspel frå kommunane og publikum samt tidlegare/kjende observasjonar.



Rynkerose kartlagt i 2017

FMMR kartlegging 2017



Kjempespringfrø kartlagt 2017

FMMR kartlegging 2017



Kjempebjørnekjeks Bruhagen/Kristvika, Averøy kommune



Kjempebjørnekjeks Langøya, Averøy kommune

FMMR kartlegging 2017

Behandling
2017



○ Rynkerose behandla i 2017



○ Bjørnekjeks behandla i 2017



○ Kjempespringfrø behandla i 2017

Vegen vidare

Tilskott til lokale tiltak

Kommunar og lokale lag og foreiningar kan søke om tilskott til kartlegging og til behandling.

Mål for infomarsjonsarbeid

- Informasjon om hageavfall. Avfallsmottaka i samarbeid med bykommunane og Fylkesmannen
- Avfallsmottak – opplæring av tilsette
- Kommunar – bistå kommunane med informasjon
- Fylkesmannen sin uttale i kommunal plansaksbehandling
- Ferdigstille mobil-app for registrering av framande planteartar. Denne skal vere tilgjengeleg også for kommunane og publikum
- Opprette eiga heimeside med informasjon
- Media - oppslag i lokale media for å auke medvite hos publikum

Mål for samordning

Etablere dialog med Statens vegvesen - nye anlegg, drift og vedlikehald.

Etablere dialog med Mattilsynet

Etablere dialog med kommunane - Drift/vedlikehald av kommunale anlegg og nye anlegg. Kommunal planlegging.

Regjeringa arbeider med ein nasjonal strategi for tiltak. Måla i Møre og Romsdal skal samordnast med nasjonale mål.

Mål for kartlegging 2018

- Ferievikar og fast tilsett kartlegg i felt
- Kartfesting av kjempespringfrø langsetter Surna
- Rynkerose – «kyststripa»
- Kjempebjørnekjeks – Kårvåg, Averøy
- Grovkartlegge utbreiinga av spansk kjørvel
- Oppmode publikum til bruk av «Framandarts-app»
- Ferievikar legg inn innsamla data i Artsobservasjoner

Mål for behandling 2018

- Førekomstane som vart behandla i 2017, og må følgast opp vidare.
- Behandling av kartlagde førekomstar som ikkje vart behandla i 2017.
- Behandling av rynkerose kartlagt i 2018
- Behandling av kjempespringfrø kartlagt i 2018

Rynkerose

- Kontroll/rebehandling av førekomstar behandla 2017 (og tidlegare)
- Behandling av førekomstar som vart kartlagt i 2017
- Behandling av nye førekomstar kartlagt i 2018

Metodikk:

Forvaltninga har eit dilemma når det gjeld bruk av plantevernmiddel i bekjempingsarbeidet. Bruk av plantevernmiddel i eit avgrensa omfang, der andre metodar er vurdert som ueigna eller utilstrekkeleg, kan likevel akseptast. Skal ein få bukt med framande artar, må metodikk som gir eit realistisk tidsperspektiv for bekjemping vurderast, og det må leggjast vekt på effekten av dei ulike metodane. Behovet for tiltak må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle og val av metodar må tilpassast den aktuelle førekomsten. Kjemisk bekjemping av plantar kan gjennomførast med eit herbicid som verkar breitt som t.d. glyfosat eller eit selektivt herbicid. Ved bruk av kjemikaliar må det takast omsyn til raudlista artar og til menneske og dyr sin bruk av området.



Rynkerose

Foto: Fylkesmannen

I store, tette bestandar blir buskane kjemisk behandla på hausten (august/september) slik at mest mogleg av gifta går ned i rota. Nedkapping først for seinare å behandle nye skot er vurdert til å vere lite eigna da bladverket er lite i høve til rota og mindre gift blir teke opp. Denne metoden krev behandling fleire gonger.

Når det gjeld rynkerose kan oppgraving vere aktuelt i nokre førekomstar. Mange av førekomstane i Møre og Romsdal veks i bergsprekker og på steinete mark. I slike tilfelle er det vanskeleg å få grave opp alle røter. Nedkapping med påfølgande beite med t.d. utegangarsau kan vurderast. Utan beite må nedkapping gjentakast fleire gonger i løpet av sesongen og over fleire år, og er best eigna i private hagar. Kva for metode som er best eigna må vurderast kontinuerleg.

Uansett metode må førekomstane følgjast opp i minst to-tre år for å sikre at det ikkje kjem nye skot og at nye frøspirar blir fjerna.

Ny behandling (rebehandling) av førekomstar behandla 2017 (evt. tidlegare)

Førekomstane må kontrollerast i juni. I område med beitedyr kan eventuelle grove skot kappast ned og beitedyra vil ta dei nye friske skota.

Der det ikkje er beitedyr må nye skot behandlast kjemisk.

Kjempespringfrø

- Kontroll/rebehandling av førekomstar behandla 2017
- Behandling av førekomstar kartlagt i 2017
- Behandling av førekomstar kartlagt i 2018

Ferievikar sett i gong lokale dugnadsgjengar til å behandle mekanisk – i år/åra framover.

Metodikk:

Førekomstane blir kappa ned evt. lusing (mindre førekomstar) før blomstring. Dei må følgast opp og kappast utover i sesongen da dei kan sette nye blomster lenger ned på stilken etter nedkapping. Varmebehandling med damp og/eller varmt vatn er også effektivt.

Planten er eittårig og frøa er spiredyktige i to-tre år. Gjentakande behandling i tre-fire år vil kunne bekjempe førekomstane.

Lokale dugnadsgjengar kan i mange høve bekjempe førekomstar på tre-fire år.

Plantemateriale kan leggst igjen på staden om den ikkje har kome i blomst og om den ikkje ligg slik at den er i kontakt med vatn. Plantar med blommar må leggst i tette sekkar og leverast til forbrenning.

Ny behandling (rebehandling) av førekomstar behandla 2017

Nedkapping/lusing som skildra over.



Kjempespringfrø

Foto: Fylkesmannen

- Kontroll/rebehandling av førekomstar behandla 2017

Metodikk:

Aktuelle bekjempingsmetodar er rotkutting, slått, tildekking og sprøyting. Rotkutting og sprøyting gir raskast og best resultat.

I mindre førekomstar² er det mogleg å rotkutte plantane. Dette vil hindre dei i å blomstre og sette frø, og heile planten vil sannsynlegvis døy. Det bør likevel kontrollerast at ikkje planten kjem opp att seinare i sesongen eller til neste år.

Slått kan vere aktuelt der ein har moglegheit for tett oppfølging gjennom heile sesongen og over fleire år. Metoden kan vere mogleg å gjennomføre t.d. i private hagar eller der kor ei velforeining eller liknande er dedikert til oppgåva. Sjå [Fagus sitt faktaark](#) for detaljert skildring av slått som metode.



Kjempebjørnekjeks

Foto: Fylkesmannen

I store, tette førekomstar er kjemisk behandling sikrast.

Plantene bør behandlast tidleg i sesongen, før dei er 15-20 cm høge, i midten/slutten av mai. Aktuelt plantevernmiddel er eit preparat med glyfosat eller fluroksypyr som verkestoff.

- Det bør brukast høgaste lovlege dose.
- Plantevernmiddelet skal påførast plantane sine blad mest mogleg direkte slik at spreinga i naturen blir avgrensa.

Førekomstane må besøkast på nytt i juni, juli og august for å sjekke utvikling på sprøytinga frå mai.

- Nye individ som blir oppdaga skal sprøytast på nytt.
- Blomsterstandar som er i knopp eller i ferd med å blomstre, må kuttast av for at det ikkje skal settast frø. I tillegg må stenglane kuttast av. Berre bladrosetten blir sprøyta.

Ny behandling (rebehandling) av førekomstar behandla 2017 (evt. tidlegare)

Førekomstane må kontrollerast tidleg i sesongen (tidleg i juni) og må sprøytast på nytt om det kjem opp nye plantar.

² Mellom 1-10 plantar i førekomsten eller meir enn 50 m mellom kvar plante

Kjelder:

Blaalid, R. *et al.* 2017. Fremmede skadelige karplanter – bekjempelsesmetodikk og spredningshindrende tiltak. NINA Rapport 1432

Direktoratet for naturforvaltning. 2013. Handlingsplan mot rynkerose *Rosa rugosa*. Rapport 1-2013

Fløistad, I.S. *et al.* 2009. Bekjempelse av kjempebjørnekjeks. Fagus Fakta 2(6).

Forskrift om fremmede organismer. 2016. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2015-06-19-716>

Miljøverndepartementet. 2007. Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter. T-1460 / 2007.

Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester. 1977. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1976-06-11-79?q=produktkontrollen>

Sjursen, H. og Fløistad, I.S. 2008. Kjempebjørnekjeks – biologi og bekjempelse. Bioforsk TEMA 3(2).

Nettstader:

Fremmedartslista 2018, Artsdatabanken: <https://artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

Plantevernleksikonet, NIBIO: <https://www.plantevernleksikonet.no/l/oppslag/1627/>

Vedlegg

Bekjempingstiltak 2018

Tiltak	Kommune	Stad	behandlingstidspunkt	Entreprenør	Ansvarleg FMNR
RYNKEROSE					
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Averøy	Langøya	MAI - SEPT	Halsa bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Aukra	Tangen-Hjertvika-Rindarøya	MAI/JUNI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Haram	Nordøyane	MAI/JUNI	Valldal bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Midsund	Dryna, Midøya, Raknes	MAI/JUNI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Molde	Bolsøya, Skåla, Osen	MAI/JUNI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Sunndal	Håsøran	MAI/JUNI	Øksendal BS	olbe
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Surnadal	Omfløddøra	MAI/JUNI	Øksendal BS	olbe
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Vestnes	div. forekomster	MAI/JUNI evt AUG	Rauma bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling rynkerose	Ålesund	div. forekomster	MAI/JUNI	Valldal bygdeservice	maas
Kontroll rynkerose	Fræna	Indre Stavik	MAI- AUGUST	Venås hagepleie	olbe
Behandling rynkerose	Fræna	Ytre Stavik	MAI/JUNI	Venås hagepleie	olbe
Behandling rynkerose	Herøy		AUGUST	Tilseth AS	olbe
Behandling rynkerose	Hareid		AUGUST	Tilseth AS	olbe
Behandling rynkerose	Ulstein		AUGUST	Tilseth AS	olbe

Tiltak	Kommune	Stad	behandlingstidspunkt	Entreprenør	Ansvarleg FMMR
BJØRNEKJEKS					
Kontroll/Rebehandling bjørnekjeks	Molde	Kleive (Lykkja, Istad)	MAI/JUNI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling bjørnekjeks	Vestnes	Eidhammer	MAI/JUNI	Rauma bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling bjørnekjeks	Rauma/Vestnes	Reistaddalen	MAI/JUNI	Rauma bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling bjørnekjeks	Rauma	Vågstranda (Ner-Våge)	MAI/JUNI	Rauma bygdeservice	maas

Tiltak	Kommune	Stad	behandlingstidspunkt	Entreprenør	Ansvarleg FMRR
KJEMPESPRINGFRØ					
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Eide	Dyrhaug - Nåsvatnet	JUNI/JULI	Øksendal BS/ Grunneigar	olbe
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Fræna	Fræneidet	JUNI/JULI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Skodje	Glomset	JUNI/JULI	Valldal bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Molde	Malo 3 lok.	JUNI/JULI	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Neset	Eidsvågelva, Langset	JUNI/JULI	Øksendal BS	olbe
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Neset	Gussiås – 2 lok	JUNI/JULI	Øksendal BS	olbe
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Rauma	Måndalen	JUNI/JULI	Rauma bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Rauma	Innfjorden	JUNI/JULI	Rauma bygdeservice	maas
Kontroll/Rebehandling kjempespringfrø	Rauma	Isfjorden	JUNI/JULI	Rauma bygdeservice	maas
Behandling kjempespringfrø	Neset	Eidsvågen	JUNI/JULI	Venås hagepleie/ Velforeining?	olbe
Behandling kjempespringfrø	Molde	Solemdal/Røamyrane	JUNI/JULI		olbe
Behandling kjempespringfrø	Surnadal	Kvanne, Todalen, Surna	JUNI/JULI	Halsa bygdeservice	maas
Behandling kjempespringfrø	Rindal	Sunna	JUNI/JULI	Halsa bygdeservice	maas

Tiltak	Kommune	Stad	behandlingstidspunkt	Entreprenør	Ansvarleg FMMR
LEGEPESTROT					
Kontroll/Rebehandling legepestrot	Rauma	Måndalen	JUNI/JULI	Rauma BS	maas
Kontroll/Rebehandling legepestrot	Averøy	Langs R64 sør for Breivik-krysset	JUNI/JULI	Halsa BS	maas

Tiltak	Kommune	Stad	behandlingstidspunkt	Entreprenør	Ansvarleg FMMR
PARKSLIREKNE					
Kontroll/Rebehandling parkslirekne	Rauma	Måndalen	JUNI - AUG	Rauma BS	maas
Kontroll/Rebehandling parkslirekne	Molde		JUNI - AUG	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling parkslirekne	Midsund	Ræstادتangen	JUNI - AUG	Venås hagepleie	olbe
Kontroll/Rebehandling parkslirekne	Ålesund	Ratvikvatnet	JUNI - AUG	Valldal BS	maas

Kartlegging 2018

Art	Kommune	Stad	Kartleggingstidspunkt	Ansvarleg FMRR
RYNKEROSE				
	Sande	Gurskøya vest	JUNI - AUG	
	Vanylven		JUNI/JULI/AUG	
	Giske			
	Sula			
	Sandøy	Harøya		
	Stranda			
	Norrdal			
	Stordal			
	Neset	Eresfjord		
	Surnadal	Alle fjordane		
	Sunnal	Alle fjordane		
	Halsa	Alle fjordane		
	Aure	Alle fjordane, Tustna		
BJØRNEKJEKS				
	Averøy	Kårvåg	JUNI	maas/ovei/ sive
	Averøy	Kommunale vegar	JUNI	maas/ovei/ sive
	Averøy	Fylkesvegar	JUNI	maas/ovei/ sive
KJEMPESPRINGFRØ				
	Molde	Solemdalen/Røamyrane	JUNI/JULI	
	Molde	Hjelset	JUNI/JULI	
	Kristiansund	Frei/Kr.sund	JUNI/JULI	
	Halsa	Halsanaustan, Reitvågen	JUNI/JULI	
SPANSK KJØRVEL				
	Molde	Grovkartlegging av utbreiinga	JUNI	

